

# **Rektor Marie Egset Haug på møte i Ørsta Rotaryklubb: – Mobbing, ikkje berre ei skulesak**

– Fylkesmannen uttalte i samband med eit tilsyn at han var imponert over Ørsta ungdomsskule. Arbeidet skulen gjer med omsyn til førebygging og oppfølging av mobbing, trakassering og vald, er eit føredøme for andre. Men det er mest utanfor skulen spiret til mobbinga blir sådd og dyrka fram, hevda rektor Marie Egset Haug på møtet i Ørsta Rotaryklubb.

Ørsta ungdomsskule er ein av dei største arbeidsplassane i kommunen, fordelt på 350 elevar og om lag 50 tilsette. Og ikkje berre er det ein stor arbeidsplass, det er ein viktig arbeidsplass også, då det er her framtida blir forma.

Rektoren hevda at skulen ofte blir møtt med negative haldningar og därleg omdømme. Mange har gjennom tida gitt inntrykk av at i skulen er det håplause lærarar som berre ferierer. Røyndomen er så langt unna denne oppfatninga som det går an, hevda rektoren overfor rotarymedlemmene. Lærarar flest er hardt arbeidande, høgt kompetente profesjonelle som er blitt pålagde stadig nye oppgåver utover sjølve undervisningsarbeidet. Politikarane har bestemt at i tillegg til å lære elevane å lese, skrive, rekne og mange andre fag, skal omfattande førebyggjande arbeid fokuseraast spesielt på i skulen. Det gjeld mellom anna rus, mobbing, vald og trakassering.

## **Føredøme for andre skular**

Kvardagen i skuleverket er at ein opnar seg mot samfunnet rundt seg. Skulen blir sett i korta heile tida. Ungdomsskulen har nettopp hatt tilsyn fra fylkesmannen, ein del av eit landsomfattande apparat der også elevar og foreldre for første gong, er intervjua. Fylkesman-

nen var imponert over arbeidet. Planane og systema er gode, men det beste var at i intervju med elevane, foreldra, lærarane og assistentane, kom det fram at dei same planane og systema var komne under huda på folk på alle nivåa. Rektoren var svært stolt og fornøgd med konklusjonen: Ingen lovbro blei avdekt i tilsynet. Marie Egset Haug meinte ei avgjerande årsak til dette er vidopne øye og øyre og hardt arbeid frå alle tilsette, kva gjeld mobbing, trakassering og vald.

## **Berre skulen sitt ansvar?**

Rektor Haug var invitert til Rotary under temaet «Mobbing, ikkje berre skulen sitt ansvar?» Rektoren etterlet seg ingen tvil om svaret på spørsmålet; ansvaret for å hindre mobbing er eit kollektivt ansvar som må følgjast opp alle stader. Mobbing er ikkje noko som berre skjer i skulen; mobbing foregår i alle samfunnslag og profesjonar; heilt opp til storting og regjeringsnivå.

Ei gjenteken handling mellom ikkje likeverdige partar er den normale oppfatninga av mobbing. Det å sjå forbi, ikkje sjå eller late som at problemet ikkje finst er svært skadeleg på det menneskelege plan i tillegg til det samfunnsøkonomiske tapet.

## **Haldningar frå heimane**

Det er ikkje tvil om at det eksisterer negative haldningar til mykje som er vondt i enkelte heimar og nærmiljø. Når born ikkje vert behandla med respekt, men med ukvensord. Når dei høyrer at det anten er barnet sjølv, naboen, skulen, innvandrarane, politikarane, barnevernet, politiet og andre si skuld at alt er gale og i tillegg opplever annan tilnærma omsorgssvikt, er dette øydeleggjande for sjølvkjensla deira og tilnærminga til omverda.

Så, medan politikarane stort sett peiker på at det er skulen sitt ansvar å førebygge, undersøkje og handheve, meiner rektor Haug at elevane allereie har lært øydeleg-



gjande haldningar og løysingsmåtar frå miljøet utanfor skulen. Det gjeld heimane, fritidsaktivitetane, venneklokkene og ikkje minst media og internettet. Skulen må ta eit stort og tidkrevjande tak, men arbeidet mot mobbing, vald og trakassering bør intensiverast over alt. Ørsta ungdomsskule definerer den generelle delen av læreplanen til at skulen skal vere ein motkultur mot dette evigvarande problemet, men skulen vert einsam i arbeidet når borna opplever at det gjeld berre her.

## **Vi har ikkje lov å gi opp**

Marie Egset Haug hevdar at det er godt muleg å avgrense mobbinga, men det er eit tidkrevjande arbeid som må halde fram heile tida. Det er god omdømmebygging for Ørsta ungdomsskule at alle som kjem innom dørene veit at det vert teke tak. Etter paragrafane i opplearringslova om alle elevar sin rett til

ein godt psykososialt læringsmiljø, har alle tilsette ansvar og plikt til å varsle, ikkje berre lærarar, men assisterar, lærarar, reinhaldarar og vaktmeistrar. Elevar og foreldre må oppmodast om å varsle. Det er viktig med gode system og rutinar på skulen slik at varsle vert undersøkt og tekne på alvor.

Eit viktig verktøy er høvet/plikta til rektor om å fatte enkeltvedtak etter forvaltningslova. Dette er ei saksbehandling som skal sikre at både den som vert skulda, og den som opplever overgrep, får komme til orde og gjerast tiltak over for. Vedtaket skal varslast og foreldre / elevar som vedtaket vedkjem, kan klage på det til fylkesmannen. Dette skal sikre ei forsvarleg sakshandsaming, for det er fort gjort for rektor å trakke feil. I særleg alvorlege saker, vert det å politimelde. Men gjennom berre enkeltvedtak unngår eleven å få saka på rullebladet.

*Rektor Marie Egset Haug fra Ørsta Ungdomsskule hevdar på møtet i Rotary at skulen er eit føredøme for andre i arbeidet mot mobbing, og meinte praktiseringa av nulltoleranse mot mobbing, trakassering og vald er årsaka.*

Medlemmene i Rotary spurde om det var mykje byråkrati og papirarbeid i skulen. Ja, kunne rektoren stadfeste; det er eit dokumentasjonspress. Og dokumentert, har mange lærarar gjort alltid. Det nye er at det skal gjelde alle. Slik bør det også vere, var den nokså overraskande påstanden frå rektoren. Når ein skal få bukt med t.d. eit mobbetilfelle, må så mykje som råd på bordet og ikkje munleggjeraast og feiast under teppet. Nulltoleranse og dokumentasjon, er viktige element for å få bukt med mobbinga, valden og trakasseringa.

GH

**HUGS MORSDAY  
PÅ SØNDAG!**

**BILDE NYC 40x50 349,-** **BILDE LONDON 50x70 499,-**

**AVISKORG 349,-** **VASE 29CM 199,-** **VASE 50CM 299,-**

**TELYSHOLDER 39,-** **LUKTELYS ASS. LUKTER 19,-**

**RYDDESAL 30-70%**

**PÅ EIN MENGE VARER I BUTIKKEN**

**TØRR BJØRKEVED I 40L SEKKAR 65,- pr sekkr**

**VED KJØP AV 30 SEKKAR PÅ 1/2 PALL. 1800,- (60,- pr sekkr)**

**OVSTEGAARD BOMANN**

**www.ovstegaardbomann.no**

**Inngang i webjørn svendsen gata**

**Tlf: 99 22 68 88. Ope 10-17 (10-15)**

**KONKURSSAL PÅ ARBEIDSTØY**

**OPE: FREDAG 15-17 LAURDAG 12-15**

**Inngang ved siden av Bulduks restaurant**

TRESTAMP M/VEDOVN 6999,-
RIO DUSJHJØRNE 1900,-
BADEKAR 2000,-
BOBBLEBADEKAR 8500,-
KOLO TOALETT 499,-
BADEROMSINNREDNING 990,-
DIVERSE BADEROMSSKAP fra 400,-
VEDOVNER fra 2990,-
FLISER fra 10,-/m <sup>2</sup>
FLISLIM 25kg fra 99,-
FUGEMASSE fra 79,-
GLASBYGGERSTEIN fra 29,-
FLUEFISKESTANG 1499,-
FLYTEDRESS 2-DELT fra 799,-
FLYTEDRESS HEIL RAUD 998,-
POPNAGLETANG 199,-
BENKSLIPEMASKIN fra 349,-
VINKELSLIPE GRAPHITE fra 410,-
METABO DRILL 1499,-
MULTIVERKTØY POWER PLUS 499,-